*Årsberetning 2020*

# Stiftelsen Fjelberg Prestegard



*Politikere samler seg om vegforbindelse i Fjelbergsambandet.* *Se side 12 og 13.*



*En kvart million kr. investert i vedleikehold og restaurering.* *Se side 4–9*



*Arkivar Marianne Herfindal Johannessen utnevnt til æresmedlem i Stiftelsen.* *Se side 14.*

NYHENDE — Grenda — Torsdag 6. august 2020 — 7

# Ny dagleg leiar for Prestegarden

**Stig Arild Fosse (biletet) har overteke som ny dagleg leiar for Stiftelsen Fjelberg prestegard.**

Formelt byrja den travle mannen i den nye stillinga 1. januar.

– Men vi hadde ein glidande overgang i fjor. Då eg fekk vera med og sjå kva jobben går ut på, og så overtok eg heilt frå nyttår, fortel Fosse.

Oppgåvene hans vert å syta for drifta, ta i mot bestillingar og å følgja opp besøka.

– Og så er vi så heldige at Truls Grung vert med oss vidare som bygningsansvarleg. Han har fullstendig innsikt i det bygningstekniske, seier Fosse.

– Det har blitt gjort utruleg mykje med bygningane, så standarden no er veldig bra, legg han til.

### Fortent

At forgjengaren Truls Grung er tildelt Kongens fortenestemedalje tykkjer Fosse er svært fortent.

– Eg trur ikkje Fjelberg prestegard hadde vore i slik stand som den er no utan hans innsats, seier Stig Arild Fosse, som er invitert til å vera med på overrekkinga i Håkonshallen 25. august.

Morten Nygård
morten@grenda.no



| År | Lokale arr. | Besøkende | Overnattingsdøgn |
|---|---|---|---|
| 2020 | 6 | 35 | 25 |
| 2019 | 15 | 499 | 327 |
| 2018 | 7 | 478 | 245 |
| 2017 | 21 | 573 | 387 |
| 2016 | 9 | 521 | 297 |
| 2015 | 13 | 547 | 472 |
| 2014 | 19 | 828 | 290 |
| 2013 | 19 | 485 | 346 |
| 2012 | 5 | 251 | 216 |
| 2011 | 12 | 486 | 444 |
| 2010 | 9 | 550 | 576 |
| 2009 | 10 | 586 | 376 |
| 2008 | 23 | 964 | 350 |
| 2007 | 17 | 1090 | 560 |
| 2006 | 12 | 646 | 379 |
| 2005 | 23 | 1326 | 699 |
| 2004 | 22 | 1112 | 574 |
| **Gj.sn. 04–20** | 15 | 646 | 386 |

Table: Arrangementer 2004–2020

**I Koronaåret 2020 var prestegården delvis STENGT!**



*Hanne Lise Berge Fosse tok seg av havearbeidet.*

## Nøkkeltall

| Resultatregnskap | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | 592 979 | 966 889 | 924 380 |
| Driftskostnader | 554 650 | 1 091 645 | 655 247 |
| Driftsresultat | 38 329 | - 124 756 | 269 133 |
| Resultat av finansposter | 2 616 | 4 453 | 3 809 |
| Årsresultat | 40 945 | - 120 303 | 272 942 |

| Balanse | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Anleggsmidler | 1 320 877 | 1 339 693 | 1 233 925 |
| Omløpsmidler | 387 397 | 409 066 | 557 786 |
| Eiendeler | 1 708 274 | 1 748 759 | 1 791 711 |
| Egenkapital | 1 707 286 | 1 666 342 | 1 786 645 |
| Kortsiktig gjeld | 988 | 82 417 | 5 066 |
| Gjeld og egenkapital | 1 708 274 | 1 748759 | 1 791 711 |

I 2020 hadde vi 25 overnattingsdøgn i prestegården og 35 besøkende. Vestland Fylkeskommune ga et driftsbidrag på kr.250.000 og Kvinnherad kommune et driftsbidrag på kr. 70.000. Til vedlikehold og restaureringsarbeid ble det investert kr. 256.475. Dette ble dekket av Grieg Foundation med kr.160.000, av Vestland Fylkeskommune med kr.75.000 og egendekning fra Stiftelsen. Sigvald Sjo fra Halsnøy Trelast ledet avslutningsarbeidet med de siste hanebjelkene på loftet i Hovedhuset. Dessuten vedlikeholdsarbeidet av nv- veggen av Bispestova, med viktig støtte fra Even og Jon Landa. Vedlikeholdsarbeidet med skraping, grunning og maling av Bispstova ble ferdigstilt dels på dugnad, av Fossefamilien. Stig Arild Fosse har fungert som daglig leder, Hanne Lise Berge Fosse har hatt ansvar for utvendig vedlikehold med hagearbeid og gressklipping

## STYRETS ÅRSBERETNING 2020

### Virksomhetens art og sted

Stiftelsen Fjelberg Prestegard skal foreta istandsettelse og vedlikehold av bygningene på prestegården og administrere bruken av dem. Bygningene skal istandsettes i samarbeid med representanter for Riksantikvaren og Fylkeskonservatoren i Vestland Fylkeskommune for å bli tatt vare på i fremtiden. Bygningene skal benyttes til kirkelige, vitenskapelige, kulturelle og sosiale formål, kurs- og konferansevirksomhet, samt arrangementer for lokalbefolkningen. Stiftelsen har sekretariat hos Fortidsminneforeningen, Klostergaten 28, 5005 Bergen.

### Fortsatt drift

Grunnet pandemien valgte styret å unngå ordinære styremøter, men å orientere medlemmene digitalt. 2020 var spesielt utfordrende. At vi, til tross for koronarestriksjoner, fikk gjennomført både vedlikehold og restaureringer sier noe om innsats og holdninger. Koronasituasjonen bød på utfordringer og var et så viktig element at forutsetningene for drift av kulturminnet ble betydelig påvirket. Styret regner forutsetningene om fortsatt drift er til stede og det er lagt til grunn ved utarbeidelsen av årsregnskapet.

### Årsregnskapet

Regnskapet for 2020 er gjort opp med et overskudd på kr. 40 945,– .
Styret anser både egenkapitalsituasjonen og likviditeten som ti1fredsstillende.

### Arbeidsmiljø/likestiling

Styret anser arbeidsmiljøet for tilfredstillende.
Styret har tre manlige og to kvinnelige medlemmer.

### Ytre miljø

Stiftelsen har ingen virksomhet som påvirker det ytre miljø.

### Fremtidsutsikter

Stiftelsen viI fortsette sitt aktive engasjement for utvikling av samarbeidsrelasjoner med andre kulturinstitusjoner og lokale interessegrupper.

*I 2020 har styret bestått av: Arne Sælen (styreleder), Petter Visted, Jacob Bjelland, Marianne Nordhus og Clara Hveem. Vararepresentanter var: Knut Ormhaug, Signe Hvoslef, Gunnar Moland, Stig Arild Fosse og Annemor Ekeland*

### Boken om Fjelberg Prestegard

Boken «Fjelberg Prestegard – Et møte med historien» kan kjøpes ved henvendelse til stigarild.fosse@knett.no

# Hanebjelker loft Hovedhuset

Me «prefabrikerte» hanebando fra ferskskåren matriell i dimensjon 5*5toms, i toftevågen, dvs skaving med bandekniv for å få ein antikvarisk utsjånad. for så å frakta dei øve med lastebilen og begynna på da som skulle visa seg å vera den tyngste jobben, nemlig å få dei opp til loftet. Me prøvde først inn hoveddør og opp den bratte trappo, men va ingen kjangs. Så kom eg på at me kunne prøva å ta da via dobbeldør mot hage, og opp trapp til loftstue og inn mot atlier. Detta gjekk på mm etter at me va oppe på loftet og tok mål på haneband, og skar dei nere så nær målet som mulig. men ein tung og slitsom prosess. godt da ikkje va så mangen. Så blei dei tilpassa skikkelig på loftet og festa med 6*180mm treskruer.

*Mvh Sigvald A Sjo.*






*Skaving med Bandkniv*





*Foto. Sigvald A. Sjo.*



*Fire nye hanebjelker på plass,*
*etter mye strev.*







Nye kledningsbord på NV-veggen, gjenbruk i gavlen. Brannstigen ble demontert og flyttet til NØ-veggen på Hovedhuset (th).

Svein Helge Høland (på stillas) var hjelpesmann for Sigvald Sjo.



Ekstra opplenge.

## Vedlikehald/restaurering NV-veggen, Bispestova

Rehab av bordkledning på bispestuen, Fjelberg Prestegård. Mykje dårlig kledning, som avtalt på førehand så skifta me mesteparten. Dvs kledning fra nedeste bord og opp til under vindu blei bytta, samt delvis nye hjørnebord. lite og ingen råt-skader i tømre. samt svært lite mått/mitt angrep i forhold til andre plasser på hovedhus. måtte legge inn ekstra opplenge i senter av vegg heilt opp til vindu. denna blei krabbet og tilpasset vegget i likhet med dei andre eksisterande opplengene. Det partiet fra vindu og opp som ikkje blei bytta, var i ok stand. det blei utført grundig skraping av detta partiet samt vindu og vinduslister. før da blei påført visir/heft og malt to strøk alt. Så reiv me stillaset og fløtta da til SV-langvegg på samme bygg, for å gjera klart til maling der også, som skulle utførast av dagleg leiar. I forkant av detta oppdaga ein del dårlige kledningsbord der også. Desse blei bytta etter avtale.

Kledningen som blei benytta var grovskåren furuplank med varierande dim fra 18–25mm tykkelse, samt 240–260mm bredde. ingen not&pinn. Alle skøyter blei forkutta med grader, manuelt med sag på plassen. Me hadde en dag med litt nedbør, ellers var me velsignet med tropevarme gjennom heile prosessen.





Sikring av stilaset.



Foto: Sigvald Sjo



Blåmeisen hadde to innganger til reiret.

# Blåmeis i Bispestova

**Då me skulle starta på arbeidet med restaurering av nordvest gavl på Bispeståvo, starta me med å setta opp stillas. og allerede i stillasbygge prosessen høyrte eg at da tidvis var ei voldsom kjefting fra eine hjørnebordet på huset.**

Då fekk eg auga på ei blåmeis som mellomlanda på stillaset og reiste busto på håvet og kjefta nåko veldig, før den nåko motvillig fauk inn i ei sprekka på hjørnabordet og for raskt ut på andra sio. Fugleentusiasten som eg er, tenkte eg umiddelbart at her kan da komma til å bli ei utfordring. Men me kunne ikkje nett avlysa å reisa heim heller, då været til arbeidet var som bestilt og planane var lagt at detta skulle gjennomførast. Så me fortsatte stillasbyggingo og da forberedande arbeidet, men når me såg (og høyrte på kjeftingo) at meiso kom på mellomlanding på stillaset, prøvde me å holda oss i ro nokre sekundar, så den blei trygg på oss og såg at me ikkje ville skada den eller ungane. Neste dag så starta me med riving av kledning og reiv oss opp etappevis og spikra kledning på etterkvart som me reiv, så ikkje da skulle stå åpent vist da skulle nå komma ei slagbya. Og med rivingsarbeidet og spikringo av spiker, blei da naturligvis nåko støy og leven. Nåko blåmeis foreldrene ikkje satte stor pris på, og da blei ein ny dag med mykje kjeft! Eg tenkte og frykta at dei i værste fall ville forlata reir og ungar når arbeidet pågjekk, pga nettopp støyen og herjingo. da rista godt i dei gamle veggane når me holdt på! Tross me reiv oss nermare og nermare reiret så holdt dei ut. Ungane måtte jevnlig ha mat, og me fekk jevnlig påfyll med kjeft. Når me va komen opp i den høgden reiret var lokalisert kom den største utfordringen, å riva seg forbi uten å risikera at reiret skulle rasa ut. Ungane var fortsatt så små at om detta skulle skje så tvila eg på at dei hadde klart seg. Eg skar av kledningen så nerme reiret som eg vågde og lot delen av kledningen og hjørnabordet stå igjen, og prøvde å jobba lynraskt i da området rundt reiret så me kom oss vekk derifrå, og matmor og matfar kunne fortsetta å mata sine små. Og da såg ut til at dei hadde akseptert situasjonen og oss. Som snikker så hende da at ein er heima hos kunder som vil ha ein jobb gjort men dei skjønnar ikkje alltid at for at jobben skal gjerast så må ein bu oppi ein byggeplass og tåla litt skjau og leven men dei endar som regel opp med å vera takknemlige og glade når jobben er utført, litt sånn blei da her også. Me fekk ferdigstillt jobben og Meisene blei meir og meir fortrolige med oss, og når da kom til den dagen at jobben var utført, foruten dei gjennståande kledningsbetane framføre reiret, høyrde eg ein kjent lyd når eg kom om morgonen, lyden av ungfuglar som nett har forlatt redet. Ein lett gjenkjennlig lyd, då da e ei konstant masing fra sultne ungar som sit på greiner ofte i buskar og trær nær reiret. Så då var da bare å nappa ner dei siste gjennståande bitane og lappa i nye bitar, og riva stillaset. Da var som regissert fra Hollywood, a perfect ending.

*Mvh Sigvald A Sjo.*



*Her har matmor «reist busto» og flaksa med vingene for å gjera seg større og prøva å skremma oss. Ei påstålig og hardtarbeidane dama.*





*Reiret var tomt – ungane fløyet!*




*Bispestova. Nyoppusset og vakker!*

# BISPESTOVA ferdig malt på dugnad

Familien Fosse med fleire vart innkalt til dugnadshelg på Prestegarden 12–14 Juni 2020 for å male to nye strøk med maling på de tre siste ytterveggene av Bispestova. Stig Arild og Hanne Lise møter opp fredag ettermiddag for å starte arbeidet der Halsnøy Trelast har satt opp stilas til oss. Resten av arbeidslaget kommer utover ettermiddagen/kvelden for å delta i arbeidet.

Takrenner blir rensket, veggene blir skrapet, grunning blir påført og til slutt to strøk med maling. Arbeidsgjengen står på og når søndagsettermiddag kjem er SV-veggen og SØ-veggen ferdig og stilas satt opp på NØ-veggen, samt spylt og rensket deler av hellegangen mellom Hovedhuset og Bispestova. NØ-veggen blei ferdigstilt av Hanne Lise og Stig Arild påfølgende veke.

Arbeidslaget på 11 bestod av: Brit Synnøve, Nils Magnus, Sølvi Marie, Erik, Lilly-Anna, Sverre, Kristoffer, Sindre, Lisa, Hanne Lise og Stig Arild.

*Takk for flott innsats!*
*Stig Arild Fosse*



*Råteskader på SV-veggen ble utbedret med nye kledningsbord.*



*SØ-veggen skrapet og grunnet*



*Fossefamilien stilte opp med 11 deltagere for å fullføre vedlikeholdet av BISPESTOVA: SV-, SØ og NØ-veggen ble skrapet, grunnet og malt med to strøk.*



*Stilaser på SV-veggen*



*SØ- og NØ-veggen skrapet og grunnet.*



**Totalt ble det investert kr. 256.475 i restaurerings- og vedlikeholdsarbeid i 2020. Dette ble dekket av Grieg Foundation, Vestland Fylkeskommune og egendekning fra Stiftelsen.**

| GRIEG FOUNDATION | Vestland fylkeskommune |
| --- | --- |
| kr. 160.000,– | kr. 75.000,– |






*Sko for ethvert formål…*

# Schønbergfamiliens sommertreff på prestegården

*Per Schønberg*

Etter litt om og men pga. Corona og COVID-19 fikk vi endelig klarsignal til vårt lenge planlagte, 3 generasjoners sommertreff på Fjelberg Prestegård.

Stig Arild & Co. hadde klargjort stedet for oss. Rent og pent over alt. Tom. antibac på hvert rom! Tilsammen var vi 10 personer som tilbragte 4 netter i flotte omgivelser. Og vi så ikke noe til nattspøkelset selv om yngstemann var litt betenkt. Noen påsto at presten i 2. etg. hadde flyttet seg i løpet av en natt!

Prestegården tilbyr alt man har behov for. Mye historisk, gammelt og ærverdig, javel, og det er jo sjarmen med stedet! Mye historie i veggene der. Og mye av dette leste vi for hverandre om kveldene rundt peisen på kjøkkenet. Og et besøk i Bispestova hører også med. Der står bl. a. sykkelen som Tjerand Aske brukte over Folgefonnen.

Og hva gikk dagene så med til? Jo, det ble fisketurer og turer til Nuten og Påskeåsen. Og selvsagt div. besøk i fjøset til Marianne, Anders og Per Jarle. Og dersom vi manglet noe var det bare en kjapp svipptur over til butikken som har det meste. Der fikk vi også tak i et par flotte lakser fra et nærliggende bruk. Noe ble spist fersk og noe ble gravet. Vi introduserte dessuten kirkebadminton på gressplenen mellom Hovedhuset og Kirken.

For Per (som skriver dette innlegget) var det ekstra spesielt å få til dette familietreffet. Med få unntak har Per vært på Fjelberg hvert år siden 1949. Og familen har også vært der atskillige ganger. En rusletur blant gravene frembringer mange minner og navn fra en herlig tid. Ikke minst fra 60-tallet da gårdene på Fjelberg var avhengig av hjelp i slåttonnen.

Alt i alt ble vårt sommertreff uhyre vellykket. Vi gjør gjerne dette igjen om noen år.



*Første kveld,– ferske reker.*



*Tur til Påskeåsen.*

# Fra gjesteboken

~ 2020 ~

Onsdag 1. – lørdag 4. juli har storkost storfamilien Schønberg seg på Prestegarden. Fjelberg vekker barndomsminner fra mer enn 70 år tilbake. Tur til topps på Nuten og fjøsbesøk – sammen med familiehygge gjorde dagene til en flott opplevelse for alle 10!

TAKK FOR OSS

Siv Schønberg

Fin familiehelg på Prestegården ♡ Takk for oss! - Sara

Kjempe fin langhelg i fine omgivelser! - Lina

Strålende langhelg; for en fjelltur, og for en glass! Presten sto på samme plass gjennom hele natta og [illegible] som kjennemerke [illegible]. Takk for oss! Jens

Det har vært en knall uke med sinke, nuten og fjøs! Bedre enn det får vi ikke!

Sinken Schønberg

Tirsdag 30. juni – lørdag 4. juli: Lise og Per Schønberg rykket inn dagen før storinnrykket. Hele hovedhuset var stokent! Her har vi kost oss sammen med hele storfamilien – 3 generasjoner.

Det ble peiskos, fisketurer og ikke minst Nuten. Dette gjør vi gjerne igjen om noen år.

En kjempefin opplevelse å bo på Prestegården. Mye historier fortalt på en fin måte. Takk for oss Marius Schønberg

Vi er imponert over det tektige restaureringsarbeidet som er gjort i fine farger. Og deilig sengetøy!

925 Lise

Perfekt plass, med perfekt familie.

Dette var helt topp! Nuten-tur, fisking, fjøsen og spar dame med hele familien. Takk for meg!!! Jacob Jes



5 kg. fersk laks klargjøres



Peiskos på kjøkkenet



Kirkebadminton



Sjakk

Bading ble det også.





Marianne Nordhus, Helge André Njåstad, Sigbjørn Framnes og Ove Lemicka.

## Fjelbergsambandet:

# Nærmar seg endeleg vedtak

**Optimismen er stor blant dei som ivrar for Fjelbergsambandet, for no er det berre eit positivt vedtak i Vestland fylke som står att. – Eg forventar full tilslutnad i fylket, seier Sigbjørn Framnes (Frp).**

Fredag føremiddag var sentrale personar i arbeidet for å realisera Fjelbergsambandet samla i prestegarden på Fjelbergøy. Frå Framstegspartiet stilte stortingsrepresentantane Helge André Njåstad og Silje Hjemdal, fylkespolitikar Sigbjørn Framnes og kommunepolitikar Ove Lemicka. Senterpartiet var representert ved Marianne Nordhus, som òg er styreleiar i Fjelbergsambandet AS, og ordførar Hans Inge Myrvold.

Gjengen frå Frp hadde til og med overnatta i Prestegarden.

– De har verkeleg ei perle her, roste Silje Hjemdal.

Utifrå det forsamlinga kunne fortelja er det no all grunn til å tru at sambandet vert realisert.

– Alle er for. Kor vi enn kjem, om det er på Stortinget eller andre stader, så er det stor støtte å få, fortalde Ove Lemicka.

– Eg opplever ikkje noko politisk motstand, bortsett for frå dei partia som alltid er imot vegar. Eg ser ikkje kva som kan stoppa prosjektet no, følgde Sigbjørn Framnes opp.

### Nøkkelrolle

Framnes spelar ei nøkkelrolle fram mot endeleg vedtak, for han er saksordførar for regional transportplan i fylket. Planen er no ute på høyring, og skal leverast til vedtak i desember 2021. Men Framnes er ikkje sikker på om folket på Fjelberg må venta til dess.

– Når ting ikkje kostar pengar, så kan fylkespolitikarane kasta seg rundt og gjera vedtak utan plan. Eg forventar full tilslutnad i fylket, varsla han.

Helge André Njåstad slo fast at både Kvinnherad kommune og Stortinget har gjort sin del av jobben. Sistnemnde bestemte nyleg at det kan utbetalast ferjeavløysingsmidlar også til trekantsamband som Fjelbergruta. I tillegg er det opna for det han kalla «pukkeleffekt», noko som betyr at ein større del av midlane kan utbetalast tidleg i prosjektet.

– For 2-3 månader sidan var Fjelbergsambandet litt vanskelegare å få realisert enn no. No må berre fylket seia ja til noko som ikkje vil kosta dei éi krone, sa Njåstad.

### Stor verdiskaping

Marianne Nordhus konstaterte at sjølv om det bur lite folk på Fjelberg, så er det stor verdiskaping på øyane gjennom landbruk og oppdrett. Ho trekte fram at Fjelberg fjordbruk omsette for 416 millionar kroner i 2018.

– Det er så mange argument for, at vi nesten ikkje skjønar kvifor dei ikkje berre set i gang og grev, smilte ho.

– Vi er rett og slett litt utolmodige etter å koma i gang, la Sigbjørn Framnes til.

Forsamlinga konkluderte at sambandet kan stå ferdig om fem år.

– Det må vi klara. Vi må kunna køyra bil hit om fem år, meldte Helge André Njåstad.

> **– No må berre fylket seia ja til noko som ikkje vil kosta dei éi krone.**
>
> *Stortingsrepresentant Helge André Njåstad (Frp)*

Morten Nygård
morten@grenda.no





**OPTIMISTISK BESØK:** *Marianne Nordhus og Fjelbergøy fekk fredag besøk av stortingsrepresentant Helge André Njåstad (kvit genser) og fylkesrepresentant Sigbjørn Framnes (til høgre), samt stortingsrepresentant Silje Hjemdal (ikkje på bilde). Til venstre ser vi ordførar Hans Inge Myrvold og Ove Lemicka.*

## Optimistiske Frp-toppar på besøk på Fjelbergøy:

# – Ingen grunn til å venta

**Fjelbergøy var vertskap for storfint besøk førre veke, og gjestene var svært så optimistiske i høve til at Fjelbergsambandet snart kan bli realisert. Innan fem år trur dei at dei kan besøka øya via bru.**

ELISABETH BERG HASS
elisabeth@kvinnheringen.no

I juni blei det kjend at regjeringspartia og Frp er samde om ein avtale som legg til rette for å erstatta fleire ferjer med fastlandssamband langs kysten, blant desse Fjelbergsambandet.

Innstillinga i den såkalla kommuneproposisjonen er endra, mellom anna med eit punkt om å styrkja ferjeavløysingsordninga.

Kort tid etter blei det rekna ut at Fjelbergsambandet kan få heile 782 millionar kroner i ferjeavløysingsmidlar over ein periode på 45 år.

På toppen av det heile har LMG Marin AS og Pontemar AS vend seg til fylket og sagt at dei er interesserte i å bruka Fjelbergsambandet som eitt av to oppstartsprosjekt for ny flytebruteknologi, noko som kan bidra til å få utbyggingskostnadane ytterlegare ned.

Med alt dette som bakteppe, er det derfor ein heilt anna optimisme å spora på Fjelbergøy no enn då Kvinnheringen besøkte øysamfunnet i mars i 2017, og dei fortalde om kvardagsvanskane som oppstår i eit samfunn utan vegsamband.

### – Skal bygga Vestlandet

Desse vanskane var gjestene som denne veka besøkte Fjelbergøy også opptekne av.

– Det er ikkje haldbart at folk skal måtta betala 108 kroner med ferja berre for å koma seg på nærbutikken sin, sa Helge André Njåstad, Hordalandsrepresentant og medlem av kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget.

Njåstad, Sigbjørn Framnes, fylkespolitikar og vara til Stortinget, og Silje Hjemdal, stortingsrepresentant og medlem av familie- og kulturkomiteen, hadde torsdag teke turen til Fjelbergøy, der dei overnatta på Fjelberg Prestegard til fredag.

Årsaka til besøket var nettopp å planlegga vegen vidare for Fjelbergsambandet, no som store delar av fundamentet begynnar å koma på plass. Fredag føremiddag hadde dei invitert til ein pressefrukost på prestegarden.

– Fjelberg er ei fantastisk flott perle, som snarast må opnast opp for mange fleire. Eg kan forstå at det kan vera kjekt for byfolk som kjem ein sjeldan gong å få reisa med ferje og kjøpa seg svele, men vi må kjempa for dei som bur og held små stader i live året igjennom. Vi skal bygga Vestlandet, og prisa oss lukkelege for dei 18 menneska som ønskjer å ha bustaden sin her på øya, meinte Njåstad.

### – Ingen usemje

Framnes fortalde at det i botn og grunn berre er eitt hinder igjen på vegen no:

– Den siste lenka no er å få fylket til å seia ja til prosjektet. Men ein må jo tru at ting ligg til rette for det med tanke på at dette er eit prosjekt som ikkje vil kosta dei noko, meinte Framnes, som er saksordførar for regional transportplan på fylket.

– No stolar vi på at Sigbjørn losar dette prosjektet i land på fylket, smilte Njåstad.

Framnes la til at viss fylkespolitikarane først er overtydde om å gå i gang med ei sak, og det ikkje kostar fylket noko, har dei tidlegare vist at dei kan hiva seg rundt og vedta saker, sjølv utan at det er forankra i ein overordna plan.

– Derfor treng det ikkje å ta så lang tid før arbeidet kan starta, meinte han.

Frp-toppane meinte det ikkje vil vera urealistisk at ein kan besøka øya via ei bru innan fem år.

Framnes meinte i tillegg at det som er eit stort føremon med å nytta ferjeavløysingsmidlar, er at desse ikkje skapar usemje mellom ulike prosjekt.

– Akkurat når det gjeld ferjeavløysing, er det ingen usemje, for ein tar ikkje noko frå nokon andre. Ferjeavløysingsmidlane er uavhengige av kvarandre, sa han.

### Enklare

Marianne Nordhus, Ove Lemicka og Hans Inge Myrvold i styret for Fjelbergsambandet understreka kor kjekt det er med den optimismen som rår rundt Fjelbergsambandet.

– Eit fastlandssamband vil ikkje berre gjera kvardagen enklare for oss som alt bur her, men også skapa vekst. Vi har mista innbyggjarar på grunn av at det har blitt for vanskeleg for dei å koordinera kvardagen med små barn og aktivitetar, men fleire har sagt at dei kunne tenka seg å bu her om det kjem fastlandssamband. Dersom ikkje barn får veksa opp her, får dei heller ingen røter her, og då vil samfunnet døy ut på sikt, meinte Nordhus.

Stortingspolitikarane meinte at dei nye opningane i ferjeavløysingsordninga bør brukast for alt dei verdt, også på fleire andre samband enn dei som til no er peika ut.

– Ferjer er ikkje anna enn ei gedigen kolonnekøyring, slo Njåstad fast.

– Det er ingen grunn til å venta med å setja i gang, meinte Framnes.



*Utnevnelsen i Håkonshallen 25. august 2020. Foto: Arne Sælen.*

# Marianne Herfindal Johannessen utnevnt til æresmedlem i Stiftelsen

Som arkivar ved Statsarkivet i Bergen har Marianne fulgt arbeidet med prestegården og sikret relevant kildemateriell siden 1980-årene.Ved en rekke anledninger har hun satt Fjelberg på kartet. På bildet får hun overrakt papirer som ble funnet under vedlikeholdsarbeidet av NV-veggen på Bispestova i juni dete året. I forbindelse med det Europeiske året for Kulturarv 2018 tok hun initiativ til at Arkivverket inviterte til et kulturarrangement i prestegården 17. juni , som samlet over 120 deltagere. I vakkert vær ble de fleste deltagerne, inklusiv Riksarkivar Inga Bolstad og riksantikvar Jørn Holme, fraktet med veteranbåten M/S Vestgar fra Bergen til Fjelberg. Vi fikk overrakt Kallsboken for Fjelberg prestegard med «leselig tekst».



Frå 1995 har Marianne vore tilsett ved Statsarkivet. Tallause har fått hjelp av henne på lesesalen, over telefon eller via brev om særleg slekt og eigedom. Ho har verka langt utover Statsarkivet sine vegger, og reist Vestlandet rundt for å henta inn bortstua preste- og lensmannsarkiv, og anna arkivmateriale som elles ville vorte gløymt og kome bort.

I 2014 fekk ho Bergen kommune sin kulturvernpris Mest kjent har kanskje Marianne vorte for sine underhaldane forteljingar i Bergens Tidende på laurdager, med stort egnasjement for historie og formidling.

*Kilde: Jørn Øyrehagen Sunde og Kenneth Bratland*
*Foto: Paul S. Amundsen.*

*Gina Dahl*

# Skolehat i Fjelberg

På 1700-tallet, og da spesielt under den perioden som kalles for pietismen, ble det vektlagt fra statlig hold at allmuen burde kunne lese for å tilegne seg Den hellige skrift på egenhånd. I denne ånd var det at allmueskoleloven av 1739 ble vedtatt, en lov som la grunnlaget for organiseringen av skolene på landet.

Men det var ikke alltid lett å få bøndene interesserte i skolen og påfølgende boklig lærdom. Dette ser vi blant annet av korrespondansen mellom biskop Erik Pontoppidan i Bergen og stiftamtmann Ulrik Frederik de Cicignon, som den 30. august 1752 diskuterer Fjelberg-allmuens forhold til skolen. Det viser seg nemlig at det under en prostevisitas avholdt den 16. juni samme år trådde frem en bonde ved navn Knud Terckelsen Svalland som klart og tydelig ga uttrykk for at «hand og hands Naboer verken ville vide af nogen Skole eller betale til nogen Skolemester». Naturlig nok ble Svalland idømt mulkt for oppførselen sin.

Også senere samme år, i desember, var det problemer i Fjelberg. Men nå er det sogneprest Dithmar Kahrs Pontoppidan korresponderer med. Selv om Kahrs har gjort mye for å forbedre skolevesenet i Fjelberg, klager han stadig over allmuens bestandige «Modstand og Vegerlighed».




Erik Pontoppidan er kjent som forfatter av katekisme-forklaringen *Sandhed til gudfryktighed* (1737), som var obligatorisk lesning til konfirmasjonen i lang tid. Pontoppidan skrev dessuten flere andre skrifter, så som *Forsøg paa Norges naturlige Historie* (1752–1753), som omhandlet norsk flora og fauna samt nordmenns levemåter og tradisjoner. Men Pontoppidan var ikke bare interessert i å skrive. Blant annet interesserte han seg i sin tid som biskop i Bergen (1748–1754) sterkt for skolevesenet. Pontoppidan fikk derfor opprettet et skolelærerseminarium på Christi Krybbe i 1749, og utga også en *Anvisning for Skolelærere.*

*Kilde: Statsarkivet i Bergen*



*Den 30. august 1752 korresponderte biskop Erik Pontoppidan i Bergen og stiftamtmann Ulrik Frederik de Cicignon om holdningene til skolen i Fjelberg. De var tydeligvis ganske så dårlige.*

### Skolebøker i Fjelberg

Men en fastere organisering av skolevesenet var kommet for å bli. Og der hvor det var skole, trengtes det bøker. I kopiboka for Fjelberg 1826–1837, står det blant annet nedtegnet at Fjelbergs skolekasse hvert år svarer fem spesidaler årlig for å skaffe fattigskolene de bøker samt det skrive- og regnemateriale som behøves for elvenes opplæring. Dessuten blir det opplyst at sognepresten, som selv satt i skolekommisjonens ledelse, også skaffet bøker til de trengende allmueskolene gjennom den offentlige utdelingen av skolebøker.

Hvilke bøker dette dreier seg om, leser vi nærmere ut av bergensbiskopen Jacob Neumanns korrespondanse, nemlig hans brev til samtlige prostier av 17. mai 1838. Her beskrives det at etter innhentede opplysninger fra samtlige prestegjeld om hva som trengs av bøker i skolene. Nå skal det deles ut bøker til de som trenger det mest. Eksemplarene som skal deles ut er Svend Borchmann Herslebs *Lærebog i bibelhistorie*, Andreas Fayes *Norges Historie til Brug ved Ungdommens Underviisning* og Jens Odéns *Regnebog til Brug for Almue-Skolerne i Norge.* Også flere sett forskrifter skal sendes ut til prestegjeldene.



*Brukte møbler fra Grand Hotel, Leirvik kjøpt på auksjon lørdag 6.august 1988 for fire tusen kroner. Fem enheter bestående av: skrivepult m/ stol, seng m/ madrass, salongbord m/stol og koffertkommode. På bildet ser vi spontane hjelpere for å få utstyret i hus. Arkitekt  Arnold Holmedal nr. to fra v. videre steinerskolelærere. Bård Øvsthus (t.v.)*

## FAKTA

- 1962 auksjon etter siste prest som bodde i prestegården
- 1982 Fortidsminneforeningen tok initiativ til bevaring og ny bruk
- 1987 prestegården etablert som egen stiftelse
- 1988 startet møblering ved hjelp av gaver og kjøp
- 1991 offisiell åpning av riksantikvar Stephan Tschudi-Madsen
- 1992 heleanlegget med ti bygninger fredet
- 1994 formell overdragelse fra staten



— 32 —

ZULUVENNEN

**utkommer med 12 nr. pr. aar og koster kr. 1,10 – til udlandet kr. 1,60.**

Bestilles paa hvilkensomhelst postanstalt og i ekspedition en

*Marius Lunds* boghandel, Universitetgt. 22 Kristiania.

Indhold: Motto for 1911.
Matt. 14, 24—25.
Brev fra Henninge Astrup.
Rettelse.
Gavefortegnelse for december 1910.
Gavefortegnelse for januar 1911.

Redaktion: Sogneprest Thrap og Tredjeprest Skaar.
Sekretær: Tredjeprest P. V. Skaar, Saarum.
Kasserer: Hospitalsforstander Joh. [illegible], Ekeberg[illegible] Kristiania, Telefon 2366 [illegible] til Missionen [illegible] tages ogsaa i M. Lunds [illegible], Universitetsgt. 22.
Expedition: Marius Lund, Universitetsgaden 22, Kristiania. Telefon 6[illegible]4.

Færdig fra trykkeriet [illegible] 1911.

Trykt i Anton E. [illegible]

Zuluvennen

For ham hedningerne til arv. Jordens ender til eie.

MISSIONSBLAD

Udgivet af Komiteen for den norske kirkes mission ved Schreuder

Nr. 2 Februar. 1911.

*Motto for 1911*

*Jesus kom selv nær til dem og vandrede sammen med dem.*

*Luk.* 24 15.

Men baaten var alt midt ute paa sjøen og arbeidet haardt mot bølgerne; thi vinden var imot. Men i den fjerde nattevagt kom han til dem, vandrende paa sjøen
Matt. 14, 24–25

— Tror du ikke Jesus ser din trængsel, min trængsel, kirkens trængsel?

— Men der gaar jo nattevagt efter nattevagt, og der kommer ingen hjælp!

***ZULUVENNEN 1911.*** *Kildemateriale levert til Statsarkivet. Funnet ved rehabilitering av SV-veggen, Hovedhuset  2019: Peder Andreas de Seue var prest 1889–1916 og abonnerte trolig på bladet.*




Stiftelsen Fjelberg prestegard, Fjelbergvegen 9, 5459 Fjelberg • e-post: stigarild.fosse@knett.no • mob. 482 40 866 • www.fjelbergprestegard.no